



ÅLESUND KOMMUNE

# Årsplan

## Skodje barnehage

### 2024-2025



*Open, engasjert og modig*



## Innhald

|  |    |
|--|----|
| <b>Innhald</b> .....   | 2  |
| <b>Føremålet med barnehagen sin årsplan</b> .....                    | 4  |
| Årsplanen sin funksjon .....   | 4  |
| Barnehagen sitt samfunnsmandat .....                                 | 5  |
| <b>Skodje Barnehage</b> .....  | 5  |
| Barnehagen vår .....   | 5  |
| Dagsrytme .....  | 6  |
| Avdelingar .....   | 6  |
| Kråkeslottet .....   | 7  |
| Lykkeliten .....   | 7  |
| <b>Visjon</b> .....  | 8  |
| <b>Verdiar</b> .....   | 8  |
| Rockesokk – den internasjonale dagen for Down syndrom 21. mars ..... | 9  |
| Miljøfyrtårn og berekraftig utvikling .....                          | 9  |
| <b>Barnehagen sitt innhald</b> .....                                 | 11 |
| Omsorg .....   | 11 |
| Leik, vennskap og fellesskap .....                                   | 12 |
| Barns medverknad .....   | 12 |
| <b>Barnehagen sine satsingsområde</b> .....                          | 13 |
| Rekomp .....   | 13 |
| <b>Brannvern</b> .....   | 14 |
| <b>Samarbeid</b> .....   | 15 |
| Samarbeid mellom heimen og barnehagen .....                          | 15 |
| IST Home .....   | 15 |
| Foreldremøte .....   | 16 |
| Foreldresamtalar .....   | 16 |
| FAU og SU .....  | 16 |
| FAU – Foreldras arbeidsutval .....                                   | 16 |
| SU – Samarbeidsutvalet .....   | 17 |
| Samarbeid mellom barnehagen og andre aktørar .....                   | 18 |
| Teieplikt, opplysningsplikt og avvergeplikt .....                    | 18 |
| <b>Overgangar</b> .....  | 19 |
| Når barnet byrjar i barnehagen .....                                 | 19 |

|   |    |
|---|----|
| «Trygghetssirkelen – Circle of security» .....  | 19 |
| Overgangar i barnehagen .....   | 20 |
| Overgangen mellom barnehage og skule .....  | 21 |
| <b>Barnehagen som pedagogisk verksemd</b> .....   | 22 |
| Planlegging .....   | 22 |
| Vurdering .....   | 23 |
| Dokumentasjon .....   | 24 |
| Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte ..... | 25 |
| Prosjekt «Tidleg innsats Og Spesialpedagogisk hjelp» .....                                | 25 |
| <b>Arbeidsmåtene til barnehagen</b> .....   | 26 |
| Progresjon .....  | 26 |
| Barnemøter .....  | 26 |
| Temaarbeid .....  | 26 |
| <b>Fagområda</b> .....  | 27 |
| Kommunikasjon, språk og tekst .....   | 28 |
| Kropp, rørsle, mat og helse .....   | 28 |
| Kunst, kultur, og kreativitet .....   | 29 |
| Natur, miljø og teknologi .....   | 29 |
| Mengde, rom og form .....   | 30 |
| Etikk, religion og filosofi .....   | 31 |
| Nærmiljø og samfunn .....   | 32 |
| <b>Årshjul barnehageåret 2024-2025</b> .....  | 33 |
| <b>Kjelder</b> .....  | 34 |

## Føremålet med barnehagen sin årsplan

**Årsplanen er eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngevingane til barnehagen**  
(Rammeplan for barnehagen - innhald og oppgåver, 2017, s. 37)



Barnehagen er ei pedagogisk verksemd der innhaldet skal planleggast og vurderast. Barnehagen sitt pedagogiske arbeid skal vere grunnjevne i Barnehagelova og i Rammeplanen. Med utgangspunkt i Rammeplanen skal barnehagen sitt samarbeidsutval fastsetje ein årsplan for den pedagogiske verksemda.

Det vert utarbeidd ein årsplan for kvart barnehageår i kvar barnehage. Årsplanen vert publisert på nett og sendt ut på IST Home til alle foreldre og føresette når den er fastsett. Årsplanen ligg til grunn for vidare arbeid med planar for kortare og lengre tidsrom, og for ulike barnegrupper ved behov.

### Årsplanen sin funksjon

Årsplanen skal synleggjere korleis barnehagen omsett barnehagelova i praksis, og arbeider målretta for å sikre det pedagogiske arbeidet. Ifølgje rammeplanen har planlegging av barnehagen sitt innhald og arbeid fleire funksjonar:

- Personalet får grunnlag til å tenke og handle systematisk i det pedagogiske arbeidet
- Det gjev kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa
- Synleggjer barnehagen si tolking og realisering av rammeplanen
- Gjev utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda



Barnehagen sin årsplan er også eit viktig dokument for eigar og myndigheitene si oppfølging og tilsyn med barnehagen. Den er nyttig å bruke i samarbeid med føresette og andre samarbeidspartnarar.

## Barnehagen sitt samfunnsmandat

**Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.**

Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering (Lov om barnehager, 2005, §1. Formål)

## Skodje Barnehage

### Barnehagen vår



Skodje barnehage er ein av seks barnehagar som til saman utgjer **Verksemd Barnehagar**

**Ålesund Indre og Nordre** som består av

Harøy, Stette, Skodje, Prestemarka, Valle og

Årøyhaugen barnehage. Barnehagen vår ligg i

Skodje sentrum med kort veg til sjø og skogs-

terreng med ei flott lysløype rett utfor porten til barnehagen. Her

finner vi også turstiar, gapahukar, Murvika, Gomerløa og fotballstadion. Vi ligg

sentrumsnært med både bibliotek, Gomerhuset, Skodje barneskule og Skodje

ungdomsskule som nærmaste nabo og vi har et nært samarbeid

med dei alle saman. Med Gomerhallen som nærmaste nabo får

barna kvar veke moglegheit til å ha «gymgøy» i idrettshallen der

vi har tilgang til alt vi treng av utstyr til ulike gymleikar.



## Dagsrytme

Barnehagen serverar frukost, lunsj og fruktmåltid og ynskjer å tilby eit variert kosthald der frukt- og eller grønnsaker vert servert til kvart måltid. Kvar avdeling serverar varmmåltid minst ein dag i veka.



# Dagsrytme

### Opningstid 0700-1645

|           |  |
|-----------|--|
| 0800-0830 | Frukost  |
| 0830-1100 | Pedagogiske aktivitetar i grupper inne og ut. Tur minst 1 dag i veka |
| 1100-1130 | Lunsj  |
| 1130-1400 | Ut- og inneleik i grupper. Sovetid for de som treng det              |
| 1440-1430 | Fruktmåltid  |
| 1430-1645 | Avdelingstid inne eller ute  |

## Avdelingar

Barna er delt inn i 2 avdelingar. Lykkeliten som er ei småbarnsavdelinga og Kråkeslottet som er barnehagens storbarnsavdeling. Vi deler barna inn i mindre grupper i avdelingane fordelt etter alder.

### I barnehageåret 2024-2025 er gruppene fordelt slik:

**Lykkeliten** fellesgruppe barn født i 2022-2023

**Gul** gruppe, barn født i 2020-2021

**Blå** gruppe, barn født i 2019



## Kråkeslottet

Leiken har ein sentral plass på avdelinga vår. Vi har gode leikerom som innbyr til venskap, leik og læring. Vi deler oss i små grupper og har pedagogiske aktivitetar som



t.d. musikkstund, forming eller matlaging. På Kråkeslottet er vi mykje ute, og vi brukar dei flotte områda med skog, mark, fjøre og stadion så ofte vi har moglegheit. Vi likar oss spesielt godt i Trollskogen og i lysløypa, der er det fritt og godt å vere. Når vi er på tur, har vi ofte med niste og vi har minst ein turdag i veka. I tillegg er vi i Gomerhallen kvar veke. I Gomerhallen får barna boltre seg; mellom anna hoppe, springe, klatre, ball-leikar, hoppe på tjukkas og regel-leikar.

## Lykkeliten

Lykkeliten er småbarnsavdelinga vår. Alle barna er samla på ei gruppe, men vi deler oss dagleg inn i mindre grupper ut frå barnas alder, behov og nivået på utviklinga deira. Vi disponerer mange gode rom som innbyr til leik og aktivitetar for barna.

Vi har eit mål om at alle i personalet skal sørge for å skape tryggleik og god relasjon til kvart enkelt barn og foreldre/føresette. Vi arbeider ut i frå Trygghetssirkelen som du kan lese meir om på side 19.

På Lykkeliten ønsker vi at alle barn og foreldre skal trivast og føle seg velkomen . Vi setter pris på eit godt samarbeid der barnets beste er fokus.



## Visjon

### Visjon i eigen barnehage:

Hos oss skal alle kjenne seg som ein positiv og ønska del av fellesskapet

I Skodje barnehage vil vi arbeide mot visjonane våre for barn, foreldre og tilsette gjennom måla:

- ◆ Barna skal oppleve seg sett og anerkjent og oppleve gleda av å vere ein betydingsfull del av ei gruppe.
- ◆ Foreldra skal oppleve at dei og barna deira vert møtt med respekt og at vi arbeider på ein slik måte at vi tek vare på barnet sine behov i forhold til trivsel, utvikling, allsidigheit og progresjon.
- ◆ Personalet vårt skal oppleve Skodje barnehage som ein utviklande og motiverande stad å arbeide der vi er rause med kvarandre og delar av kunnskapen vår, for at alle skal ha ein best mogeleg arbeidsdag og å glede seg til å gå på jobb.



Hos oss skal alle føle seg som ein positiv og ønska del av fellesskapet

## Verdiar

Barnehagen legg vekt på at barna skal lære om både kulturelt mangfald, ulike tradisjonar og levemåtar og forskjellige familieformer. Med dette ønsker vi i Skodje barnehage å legge til rette for å gi barna like moglegheiter, fremje likestilling og motverke diskriminering, fordommar, stereotypiar og rasisme. I tillegg til dette vil vi gjennom leik og varierte aktivitetar gi barna erfaring med å lytte, forhandle og diskutere og få gryande



kjennskap til menneskerettane. Årleg markering av FN-dagen bidreg til at barna får kjennskap til kor viktige menneskerettane er, og da særleg barnekonvensjonen.

### Rockesokk – den internasjonale dagen for Down syndrom 21. mars




I Skodje barnehage markerer vi **ROCKESOKK** og oppfordra alle til å gå med to ulike sokkar denne dagen for å vise at vi setter pris på **MANGFALD** og at vi alle er forskjellige. Saman vil vi løfte frem at alle menneske har same verdi, heilt uavhengig av eigenskapar og diagnosar.

**ET MANGFALDIG SAMFUNN ER EIT RIKT SAMFUNN. HURRA FOR ULIKHEITER!**

### Miljøfyrtårn og bærekraftig utvikling

FNs bærekraftsmål er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Bærekraftig utvikling handlar om å ta vare på behova til menneske som lever i dag, utan å øydelegge framtidige generasjonar sine mogelegheiter til å få dekt sine.

Bærekraftsmåla reflektera dei tre dimensjonane i bærekraftig utvikling:




I Skodje barnehage har vi ekstra fokus på:

### **Bærekraftsmål nr. 3: GOD HELSE OG LIVSKVALITET**

Vi er i opptekne av å tilby eit godt og variert mattilbod og vi legg vekt på at barna skal vere i fysisk aktivitet gjennom dagen. Vi går mykje på tur og bruker Gomerhallen til hallaktivitetar og fotballbana på stadion til tilrettelagde aktivitetar ute.



Skodje barnehage ble sertifisert som miljøfyrtårn i 2024. I barnehagekontekst er det lagt mykje vekt på det miljøpedagogiske arbeidet og å setje barna i sentrum for miljøarbeidet i barnehagen. Vi har blant anna fokus på å øve med barna på å ta miljøbevisste val slik som å slukke lys når vi går ut av eit rom, kjøttfri tysdag og å kaste så lite mat som mogleg ved å forsyne oss med litt mat av gongen. Vi har gode avfallssorteringar og har aktivitetar der barna får lære om avfallssortering. Vi samlar gjenbruksmateriale eller materiale frå naturen gjennom heile året som vi kan bruke til formingsaktivitetar slik som kongler, kvistar, stein, glas, sand, korkar frå mjølkekartong, leverposteiboksar m.m.



Som eit ledd i dette har vi valt oss to miljøvernveker i barnehageåret: veke 43 og veke 21. I desse vekene arrangerer vi byttedagar der foreldre kan levere klede dei ikkje kan nytte lengre, og slik håpar vi at alle kan få moglegheit til å arve kle av kvarandre. Rammeplanen for barnehagen presiserer at barnehagen har ei viktig oppgåve i å fremme verdiar, haldningar og praksis for eit meir berekraftig samfunn. Med å arrangere byttedagar vil vi skape haldningar om at miljøbevisste val og handlingar som å byte kle i staden for å kjøpe nytt handlar om et ynskje om å være miljøbevisste, og at det kan ha positive konsekvensar for framtida.



## Barnehagen sitt innhald

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, lek, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna. (Rammeplanen kap 3)



### Omsorg

Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte, og få den hjelpa og støtta dei har behov for. Dette betyr at barna vert møtt med OMSORG.

I Skodje barnehage vil vi arbeide etter **involveringspedagogiske** prinsipp.

Dette inneber at vi skal vere lyttande vaksne som evnar å sjå barnet som eit kompetent og likeverdig individ. Hovudprinsippa i involveringspedagogikken er å gi ansvar og val innanfor trygge rammer. Vi vil arbeide på ein slik måte at:

- alle vert sett, høyrd og tekne på alvor
- vi respekterer og anerkjenner kvarandre
- vi er opptekne av å synleggjere kvarandre sine ressursar
- vi jobbar for å forsterke positive trekk ved kvarandre spesielt, - og barnehagen generelt



## Leik, vennskap og fellesskap

Vennskap og gode relasjonar mellom barn i barnehagen er utgangspunkt for god læring og utvikling av sosial kompetanse. I Skodje barnehage jobbar vi aktivt for å levandegjere



visjonen vår i kvardagen. Vi ønsker at alle skal få erfare å vere ein viktig del av fellesskapet og i positivt samspel med andre barn og vaksne. Vi vil difor planleggje leik som inviterer barna til å delta, og vi vil også leggje til rette for utvikling av

vennskap og førebyggje utestenging og uheldige samspelsmønster.

## Barns medverknad

Barnehagen skal ivareta barna sin rett til medverknad ved å legge til rette for, og oppmuntre til at barna kan få uttrykke sitt syn på barnehagen sitt daglege innhald, jf. Lov om barnehager kap. II-§3, grunnloven §104 og FNs barnekonvensjon artikkel 12 nr.1

I følge rammeplanen kapittel 4 skal barnehagen vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alder, erfaring, dei individuelle føresetnadene og behova til barna.

Medverknad handlar om å sjå på barn som kompetente, at dei har synspunkt og tankar om seg sjølve og fellesskapet, vert lytta til, sett og høyr. Personalet si oppgåve er til slutt å ta avgjerdene og ikkje gje barn ansvar for noko dei ikkje er modne til eller har føresetnader for.

Alle barn i barnehagen skal ha dei same moglegheitene og få ulike erfaringar med varierte aktivitetar. Vi vil at alle skal få utvikle seg i tråd med sine interesser og evner. Barna speglar og praktiserer dei vaksne sine haldningar og det vi gjer. Barnehagen sin kunnskap og perspektiv er medverkande til at barna skal kunne utvikle toleranse, nestekjærleik og ha rom for mangfald i barnehagen. Ålesund kommune har utarbeida ein plan for eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø som setjar fokus på førebyggjande arbeid i barnehagen, og gje barnehagetilsette eit verktøy til støtte i arbeid om nulltoleranse mot mobbing og krenkingar i barnehagen.



## Barnehagen sine satsingsområde

### Rekomp

Barnehagen vår er med i eit prosjektarbeid saman med andre barnehagar i regionen; Ålesund, Giske, Sula, Fjord og Sykkylven der hovudmål for utviklingsarbeidet er å utvikle eit godt system for å drive barnehagebasert kompetanseutvikling.

#### Delmåla for prosjekter:

- Auka fagkunnskap skal bidra til å realisere innhaldet i rammeplanen for barnehage gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling
- Å utvikle kompetente leiarar som har gode verktøy og engasjement for å drive utviklingsarbeid, og som kan utvikle barnehagen som lærande organisasjon
- Å legge til rette for eit godt samarbeid om kompetanseutvikling og gi ei felles retning med større forutsigbarhet for alle



Regional ordning skal bidra til at barnehagar utviklar sin pedagogiske praksis gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling. Ordninga skal vidare stimulere til godt samarbeid mellom barnehagemyndigheitene, barnehageeigarar, universitet og høgskular, statsforvalterne og andre aktørar. I dette arbeidet er det Høgskulen i Volda som er fagleg ansvarleg.

Tema for endringsarbeid i vår barnehage er **Observasjon, planlegging, dokumentasjon og vurdering**, og barnehageåret 2024-2025 skal vi jobbe med didaktisk planlegging. Vi skal jobbe ut i frå ei problemstilling som er formulert slik:

**«Hvordan kan personalet bruke didaktisk planlegging for å gi bana et godt og tilrettelagt tilbud?»**

Kompetansehevinga vekslar mellom fagsamlingar for dei tilsette, nettverksarbeid for barnehagane sine arbeidsgrupper, samlingar for pedagogar og styrarar. Største delen av arbeidet skjer likevel i den enkelte barnehage, der alle tilsette er involvert.



## Brannvern



Brannbamsen Bjørnis er ei nasjonal satsing i brannvernopplæringa for barn i barnehagar.

Brannbamsen Bjørnis er brannvesenets verktøy for å trøyste barn når ulykka er ute. Han er også frontfigur i brannvernopplæring retta mot barn.

Bjørnis-prosjektet starta som et lokalt initiativ i brannvesenet, men har no barn i hele landet som målgruppe. Brannvesen over heile landet brukar Bjørnis som eit verktøy når dei møte barn i forbindelse med brann og andre ulykke. Bjørnis er i

tillegg ein ressurs i barnehagen si brannvernopplæring og brannvesenets forebyggande arbeid. Vi er veldig glade i Bjørnis, og inviterer han til barnehagen vår kvart år.



## Samarbeid

### Samarbeid mellom heimen og barnehagen

Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldre og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg (Rammeplanen kap. 5)

I Skodje barnehage er vi opptekne av at den daglege kontakta mellom heim og barnehage er god. Vi ønsker å ha ein god og open dialog når foreldre leverer og henta barna sine. Det er viktig at foreldre gir barnehagen informasjon om barnet t.d. har sove dårleg, ete lite, eller andre ting som skjer i heimen, slik at vi kan møte barnet på best mogleg måte. Foreldre skal og få dagleg informasjon frå barnehagen om sitt barn.

### IST Home


IST Home er appen der du som føresett kommuniserer med barnehagen. Du ser alle dine barn som går i barnehage eller SFO i same app. På denne måten får de som føresette betre kontroll og oversikt.

#### I appen kan du som føresett:

- Melde fråvær ved barns sjukdom
- Melde feriedagar
- Gjere avtaler om henting
- Sende beskjedar til barnehagen

#### Eksempel på informasjon sendt frå barnehagen er:

- Månadsplanar
- Månadsbrev
- Viktige datoar
- Informasjonsskriv frå barnehagen
- Informasjonsskriv frå FAU



## Foreldremøte

Foreldremøte har vi i utgangspunktet ein gong om året – i september/oktober, etter et tilvenninga har kome godt i gang. Vi gjennomfører i tillegg andre foreldremøte viss det er behov for det, eller etter ønske om det frå foreldrerådet.

## Foreldresamtalar

Foreldresamtalar inviterer vi til to gongar i året – ein om hausten og ein om våren.

Foreldra må møte til minst ein foreldresamtale i løpet av barnehageåret.

I samtalar og møter er det viktig for oss at foreldre vert møtt med varme og respekt, og at vi har ein open og tydeleg kommunikasjon.

Foreldremøte og foreldresamtalar er, i tillegg til den daglege kontakta, viktige arenaer der foreldra kan komme med innspel til barnehagen sitt innhald og planar.

Både foreldre og personale kan ved behov be om samtale utanom dei ordinære møtepunktta.



## FAU og SU

For å sikre samarbeid med heimen, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.

Foreldrerådet består av foreldre/føresette til alle barna og skal fremje deira fellesinteresser, og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø.

Samarbeidsutvalet (SU) skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet består av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Barnehagen sin eigar kan delta etter eige ønske, men ikkje med fleire representantar enn i kvar av dei andre gruppene.



Barnehageeigar skal syte for at saker av viktigheit vert lagt føre for foreldrerådet og samarbeidsutvalet.

## FAU – Foreldras arbeidsutval

FAU består av ein representant og ein vararepresentant frå kvar barnegruppe på avdelingane. Dette er representantar som vert vald av Foreldrerådet på foreldremøtet på hausten. Foreldrerådet består av alle foreldra til barna i barnehagen.









# FORELDREUTVALGET (FAU) 2024-2025

|  |  |  |  |   |   |  |  |
|--|--|--|--|---|---|--|--|
|                           |   |                                   |   |                                        |   |                             |                                       |
| <b>LEDER</b><br>Lene Dahl<br>91 78 09 66<br><a href="mailto:lenedahl@hotmail.com">lenedahl@hotmail.com</a> | <b>NESTLEDER</b><br>Veronica Otterlei<br>48 86 68 84<br><a href="mailto:Veronica.otterlei@gmail.com">Veronica.otterlei@gmail.com</a> | <b>SEKRETÆR</b><br>Lisa Krogh<br>91 78 09 66<br><a href="mailto:lisa.krogh@outlook.com">lisa.krogh@outlook.com</a> | <b>MEDLEM</b><br>Aurelija Vaiciuciene<br>46 57 00 51<br><a href="mailto:aurelija.vaiciuciene@gmail.com">aurelija.vaiciuciene@gmail.com</a> | <b>MEDLEM</b><br>Kaj Roland Andersen<br>94 36 74 29<br><a href="mailto:andersenmek@gmail.com">andersenmek@gmail.com</a> | <b>MEDLEM</b><br>Isabelle Midtliid Hammersland<br>45 20 06 11<br><a href="mailto:isabellehammersland@gmail.com">isabellehammersland@gmail.com</a> | <b>MEDLEM</b><br>Ørjan Nikolaisen<br>Tryggestad<br>90 65 54 52<br><a href="mailto:ot@ei-24.no">ot@ei-24.no</a> | <b>MEDLEM</b><br>Ninette Fugledal Tarberg<br>47 67 49 26<br><a href="mailto:ninette@tarberg.com">ninette@tarberg.com</a> |
| Kråkeslottet   | Kråkeslottet   | Lykkeliten   | Kråkeslottet   | Kråkeslottet  | Kråkeslottet  | Lykkeliten   | Lykkeliten   |

## SU – Samarbeidsutvalet

Dette skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ. I dette utvalet sit leiar og nestleiar frå FAU – 2 stk., 2 representantar frå dei tilsette, 1 frå eigar og 1 politisk vald representant. Det er SU som fastsett årsplanen til barnehagen.

# SAMARBEIDSUTVALGET (SU) 2024-2025

|   |   |   |  |  |  |
|---|---|---|--|--|--|
|    |    |    |   |    |   |
| <b>Representant eier</b><br>Janne Aamelfot<br>Verksleiar<br>Telefon: 95 87 55 69<br>E-post:<br><a href="mailto:janne.aamelfot@alesund.kommune.no">janne.aamelfot@alesund.kommune.no</a> | <b>Representant eier</b><br>Torill Karlsmoen<br>Styrar<br>Telefon: 92 85 30 56<br>E-post:<br><a href="mailto:torill.frantzvaag.karlsmoen@alesund.kommune.no">torill.frantzvaag.karlsmoen@alesund.kommune.no</a> | <b>Representant ansatte</b><br>Kari Vadset<br>Pedagogisk leiar<br>Telefon: 95 16 37 70<br>E-post:<br><a href="mailto:kari.vadset@alesund.kommune.no">kari.vadset@alesund.kommune.no</a> | <b>Representant ansatte</b><br>Haydee Albertsen<br>Pedagogisk leiar<br>Telefon: 47 36 89 49<br>E-post:<br><a href="mailto:haydee.albertsen@alesund.kommune.no">haydee.albertsen@alesund.kommune.no</a> | <b>Representant foreldre</b><br>Lene Dahl<br>Telefon: 91 78 09 66<br>E-post:<br><a href="mailto:lenedahl@hotmail.com">lenedahl@hotmail.com</a> | <b>Representant foreldre</b><br>Veronica Otterlei<br>Telefon: 48 86 68 84<br>E-post:<br><a href="mailto:Veronica.otterlei@gmail.com">Veronica.otterlei@gmail.com</a> |

## Samarbeid mellom barnehagen og andre aktører

Regjeringa forventar – at kommunar og fylkeskommunar arbeider målretta for ein felles kultur for samarbeid på tvers av tenestene for å gi barn og unge som treng det, et heilskapleg tilbod. Godt tverrfagleg samarbeid handlar om at ulike fagmiljø arbeid saman og ser tilboda til barn og unge i samanheng  
(Meld. St. 6, 2019-2020, s. 6)

I Ålesund kommune samarbeida barnehagane tverrfagleg med ulike aktører som til dømes PPT, Barneverntenesta, Helsestasjonar, skular, sjukeheim, bibliotek og brannvesen.

### Teieplikt, opplysningsplikt og avvergeplikt

Barnehagelova § 44 pålegg teieplikt om forhold dei tilsette i barnehagen blir kjent med gjennom si stilling (jf. Fvl. § 13). Teieplikta er ein viktig føresetnad for at barnehagen skal bli informert om opplysingar i høve familieforholda til barn som kan vere avgjerande for opphald, trivsel og utvikling i barnehagen.

Barnehagelova § 46 pålegg tilsette i barnehagen, utan hinder av teieplikt, å gi opplysingar til barnevernstenesta når det er grunn til å tru at det finns mishandling av barn i heimen eller andre formar for alvorleg omsorgssvikt, også kalla meldeplikt. I tillegg skal ein gi opplysingar til barneverntenesta når ein bli bedd om det.

Ifølge straffelovens generelle bestemming om avverje, §196, er ein kvar forplikta til å søke å avverje ei straffbar handling eller følgjene av den, på eit tidspunkt då det framleis er mogleg, og det fram står som sikkert eller mest truleg at handlinga er eller vil bli gjort. Den generelle avvergingsplikta gjeld også tilsette i barnehagen.

Alle tilsette i barnehagen har godkjent politiattest.



## Overgangar


### Når barnet byrjar i barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og godt start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn (Rammeplanen kap 6)

Ein overgang fører til endringar i barnet sine rammer og rutiner. Det å starte i barnehagen skal opplevast som ein god start i samband med utvikling av både tryggleik og tilhørslse – både for barnet og foreldra. Tilvenning, tryggleik og tilhørslse er nøkkelord i samband med alle overgangar i løpet av barnehagetida.

### «Trygghetssirkelen – Circle of security»

I Skodje barnehage er vi opptekne av å skape tryggleik i overgangen mellom heim- barnehage. Personalet på avdeling Lykkeliten ønsker at barna og foreldre/føresette opplever ein god og trygg oppstart, og setter fokus på barns behov og å bli godt kjende med barna og foreldre/føresette. Vår erfaring viser at når foreldrane er trygge på barnehagen og personale så gir dette barna tryggleik. Personalet jobbar utifrå Trygghetssirkelen med fokus på barnet sitt behov.



Før oppstartsdagen tilbyr vi barnehagebesøk for alle nye barn og foreldre. På denne måten får personale, barn og foreldre/føresette moglegheit for å treffe og helse på kvarandre før tilvenningsperioden.



I tilvenningsperioden ønsker vi at alle barn og foreldre skal oppleve overgangen meiningsfull og mest mogleg forståeleg. Vi er opptatt av å danne ein god relasjon og eit godt samarbeid mellom personalet og foreldre/ føresette. Vi er positiv nysgjerrig på kva barnet ditt liker å leike med, mat han/hun er spesielt glad i m.m.. Vi vil også vite om ulike rutinar de har, til dømes søvn, om barnet bruker smukk/klut m.m. Desse rutinane er viktig for personale å vite om, slik at overgangen skal opplevast samanhengande for barnet.

I tilvenningsperioden får foreldre/føresette tilbod om oppstartssamtale med ein pedagog. I oppstartssamtalen har vi tryggleik, trivsel og barns sitt behov som fokus. Det å oppleve tilhørslse er viktig for barns trivsel, utvikling og læring.

### Overgangar i barnehagen

Personalet skal sørge for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter gruppe (Rammeplanen kap. 6)

Hos oss jobbar vi bevisst på ein trygg overgang mellom småbarn til storbarn. Barna blir tidleg kjende med barn og personalet på storbarnsavdelinga Kråkeslottet gjennom aktivitetar på tvers av avdelingane. Vi tilretteleggjar for besøksdagar i barnehagekvardagen slik at barna får tid til å bli kjende med si nye avdeling og byggje relasjonar med barn og personale på avdelinga. I tillegg til det har vi også spontan leik og aktivitetar for å bli kjende med det fysiske miljøet på Kråkeslottet. Når overgangen skjer ved nytt barnehageår vil eit eller fleire av personale som er godt kjende med barna følge over som ein trygg voksen for barna.



## Overgangen mellom barnehage og skule

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga (Rammeplanen kap. 6)



De eldste barna kallar vi for førskulegruppa , og vi har tradisjon for at desse er rosaruss. Kvar veke har dei skuleforberedande aktivitetar. I løpet av barnehageåret tar dei pedagogiske russeknutar der meistring, sjølvstendigheit og sosial kompetanse er i fokus. Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barna skal få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga (Rammeplanen kap. 6)

I denne linken finn dykk Ålesund kommune sin overordna plan for overgangen frå barnehage til skule: <https://alesund.kommune.no/barnehage-og-skole/barnehage/overgang-fra-barnehage-til-skole-og-sfo/>

Denne planen skal innehalde fleire ulike obligatoriske og valfrie møtepunkt mellom barnehagen og skulen det siste året i barnehagen før skulestart. Skodje barnehage har eit godt samarbeid med Skodje og Valle barneskular kring tilvenning. Barn som eventuelt søkjer seg til andre skulekretsar får også oppfølging.

Dei tre barnehagane i Skodje har starta eit samarbeid som inneheld besøk og andre møtepunkt i bygda som t.d. å feire «lille 17. mai» ilag, akedag, søppelplukking m.m.



Overgang fra  
barnehage til skole



Informasjon til foreldre/foresatte

### **Overordna mål for overgang frå barnehagen til skolen:**

- Barna skal oppleve overgangen frå barnehage til skule og SFO som trygg og god
- Barna skal oppleve samanheng mellom barnehage og skule
- Å skape eit godt grunnlag og motivasjon for å begynne på skulen
- Å skape gode føresetnader for det enkelte barnet sin trivsel, utvikling og læring

## Barnehagen som pedagogisk verksemd

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggast og vurderast. Barn og foreldre har rett til å medverke i desse prosessane. (Rammeplan kap 7)

### Planlegging

Barnehagen skal tenke og handle langsiktig og systematisk, og planlegginga må basere seg på kunnskap om barn sin trivsel og allsidige utvikling, individuelt og i gruppe (Rammeplan kap 7)

I Skodje barnehage skal planlegginga vere basert på kunnskap om trivselen til barna og den allsidige utviklinga deira, både individuelt og i gruppe. Den skal og vere basert på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtalar med barn og foreldre. Vi brukar avdelingsmøta aktivt til å planlegge innhaldet i tida framover. Vi brukar også barnemøta som utgangspunkt til å t.d. lage tankekart med barna sine synspunkt. Dette vil vere gode grunnlag for å planlegge den pedagogiske verksemda på gruppenivå.



## Vurdering

Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med lov og forskrift (Rammeplan kap. 7)



Det pedagogiske arbeidet skal vurderast – det vil seie at det skal skildrast, analyserast og fortolkast ut i frå barnehagen sine planar, barnehagelova og rammeplanen. Systematisk vurdering legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon. Vurdering er viktig for å vidareutvikle det pedagogiske arbeidet i barnehagen og skal vere til hjelp for personalet i vidare planlegging. Vi brukar blant anna avdelingsmøta aktivt til å vurdere om vi har nådd måla vi har satt i det pedagogiske arbeidet. Kunnskap om trivselen og den allsidige utviklinga i barnegruppa og blant enkeltbarn er viktig for å gi alle barn eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. Trivselen og den allsidige utviklinga til barnet skal derfor observerast og vurderast fortløpande, med utgangspunkt i dei individuelle føresetnadane til barnet og kunnskap om barns utvikling og behov. Erfaringane og synspunkta til barnet skal inngå i vurderingsgrunnlaget.



## Dokumentasjon

Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i arbeidet med å planlegge, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda. Vurderingar i høve trivsel og allsidig utvikling skal dokumenterast når det er naudsynt for å gi eit tilrettelagt tilbod. Barn har rett til vern om sin personlege integritet. Foreldre har rett til å sjå og få utlevert dokumentasjon om egne barn, og til å få sletta eller korrigert opplysingar som er feilaktige eller misvisande. (Rammeplan kap. 7)

Dokumentasjonen skal gi foreldre, lokalmiljøet og kommunen som barnehagemynde informasjon om kva barn opplever, erfarer, lærer og gjer i barnehagen, samt vise korleis barnehagen oppfyller krava i barnehagelova og rammeplanen. Vurderingar av trivselen og den allsidige utviklinga til barnegruppa og enkeltbarn skal dokumenterast når det er nødvendig for å gi eit tilrettelagt tilbod. Det kan gi grunnlag for å tilpasse og vidareutvikle det pedagogiske arbeidet. Barn har rett til vern om sin personlege integritet. Eit etisk perspektiv skal derfor liggje til grunn ved dokumentasjon av barnegruppa og enkeltbarn. Personopplysningar skal behandlast i samsvar med personopplysningslova. Behandling av personopplysningar vil seie all innsamling, registrering, samanstilling, lagring og utlevering av opplysningar og vurderingar som kan knytast til ein enkeltperson. Dersom barnehagen skal utlevere personopplysningar om barnet til andre instansar og det ikkje ligg føre nokon lovheimel, må foreldra samtykkje til det. Kravet om samtykke frå foreldra gjeld til dømes ikkje i tilfelle der personalet deler personopplysningar med barnevernet for å oppfylle opplysningsplikta i barnehagelova § 22





## Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbudet for barn som treng ekstra støtte

Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbudet etter barna sine behov og føresetnadar, også ved behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar.

Barnehagen skal arbeide målretta og systematisk for at barn som treng ekstra støtte får eit inkluderande og likeverdig tilbod, og slik vere ein del av eit meningsfullt fellesskap.

Om det er grunn til å tru at barnet sitt behov ikkje kan dekkast innanfor det allmennpedagogiske tilbudet, skal barnehagen opplyse foreldra om retten til å krevje ei sakkyndig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp. Barnehagen skal sørge for at barn som mottek spesialpedagogisk hjelp, inkluderast i barnegruppa og i det allmennpedagogiske tilbudet.

(Rammeplan kap. 7)

### Prosjekt «Tidleg innsats og spesialpedagogisk hjelp»

Ålesund kommune ynskjer å gi alle barn eit likeverdig tilbod med høg kvalitet og god praksis. Eit likeverdig tilbod vil krevje både tilretteleggingar og lokale tilpassingar av innhald. Tidleg innsats handlar om eit godt pedagogisk tilbod og tilpassa omsorg til alle barn. Kvaliteten handlar om dei opplevingar og erfaringar både barn, foreldre og tilsette har av tilbodet som vert gitt, og blir skapt gjennom samhandling.

#### Formålet med prosjektet er å:

- styrke det allmennpedagogiske arbeidet.
- å auke bruk av ressursar på førebyggjande arbeid og kunne møte behov til fleire av barna innanfor det ordinære barnehagetilbodet.
- etablere nytt felles system for organisering og oppfølging av individuelle vedtak for spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne.



Vi ynskjer ei heilskapleg tilnærming til arbeidet. For oss handlar heilskapleg tilnærming om at barn sine uttrykk forståast i lys av både individuelle føresetnadar og omgjevnadane og miljøet barnet er ein del av. Dette gjer at vi viser interesse for alle element som kan påverke barnet sin trivsel, utvikling og læring.

I Skodje barnehage leggje vi til rette det allmennpedagogiske tilbudet for barna som treng ekstra støtte gjennom blant anna: dagtavle for alle barna , inndeling i små grupper gjennom heile dagen, samt bruk av teikn til tale.

## Arbeidsmåttane til barnehagen

### Progresjon

Barnehagen skal legge til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materiale og utforming av fysisk miljø (Rammeplan kap 8)

Alle barna skal oppleve progresjon i barnehagekvardagen sin. Ved å legge til rett for varierte leik-, aktivitets- og læringsmoglegheiter som tar utgangpunkt i barna sitt utviklingsnivå og interesser, vil vi at dei skal utvikle seg, lære og oppleve framgang.

### Barnemøter

Kvar gruppe har eit barnemøte i løpet av dagen. Dette møtet skal bere preg av dialog, turtaking, lytting, bli lytta til, ta val og reflektere saman med andre. På barnemøta



får barna systematisk oppleving med demokratiske prosessar.

Det er litt ulikt etter kva alder barna er korleis innhaldet på barnemøta er. Vi helser kvarandre velkomen, finn ut kva vær det er, kva som er lurt å kle på seg når vi skal ut. Vi snakkar om kva aktivitetar vi skal ha, syng og fortel.

Det einskilde barnet skal få opplevingar der det kjenner at det blir sett og høyrte samstundes som det meistrar å vere ein del av ei gruppe. Dette handlar om

å ta initiativ, vente på tur, lytte til andre, bli lytta til, få lov til å velje, av og til få det slik som ein sjølv vil og av og til la fleirtalet bestemme. Barn som meistrar å veksle mellom desse rollene, blir trygge barn som ynskjer å påverke omgjevnadane sine på ein positiv måte.

### Temaarbeid

Det er styrar og barnehagelærarane i samarbeid med dei andre barnehagetilsette som utarbeidar innhald og prosess i teamarbeid. Teamarbeida kan ha ulik varigheit og gå djupare inn i eit tema enn prosjektarbeid. Nokre tema kan gå over heile barnehageåret, andre over ei kortare tidsperiode. Døme på teamarbeid er blant anna Brannvernveka, «Miljøvernveke» «FN dagen» «Samenes dag» og «17.mai».



## Fagområda

I Skodje barnehage arbeider vi tverrfagleg med dei sju fagområda. Den norske barnehagetradisjonen bygger på eit heilskapleg læringsssyn. Omsorg og leik, læring og danning er svært viktige element i grunnlaget for det pedagogiske tilbudet i Skodje barnehage.

Kvart enkelt barn er kompetent og har ibuande ressursar som skal få komme til uttrykk og utviklast i barnehagen. Barns eigen nysgjerrigheit og undring legg grunnlaget for livslang læring. Barn skal støttast og oppmuntrast til å uttrykke seg, bli synlege og ha rom for medverknad. For oss handlar det om å gje barn rom, i både i fysisk og psykisk forstand, for å uttrykke seg saman med andre. Kvart enkelt barn skal oppleve å bli sett, høyrd og forstått av anerkjennande, tydelege og ansvarsfulle vaksne.



### Kommunikasjon, språk og tekst

Gjennom arbeid med fagområdet skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle samforståinga, språkkompetansen og eit mangfald av kommunikasjonsformer (Rammeplanen, 2017 s. 47).

I Skodje barnehage er vi opptekne av å nytte oss av kvardagssituasjonar i språkarbeidet. Vi tek oss tid til å prate med barna og legger til rette for den gode samtalen barn i mellom, og mellom personalet og barna.

Alle barn i Skodje barnehage skal få språkstimulering og støtte i språkutvikling tilpassa eget meistringsnivå. Språkstimulering er ein viktig del av barnehagens innhald. Språk, omgrepsforståing og evne til å kommunisere med andre er grunnleggjande for å kunne delta aktivt i et sosialt og kulturelt fellesskap.



Vi ønsker å fremje eit språkmiljø som bidrar til utvikling av språk og sosial kompetanse. Vi vil bade barnet med språk osv. Vi vil planleggje aktivitetar på barnas premisser og utviklingsnivå saman med språkaktive vaksne.

### Kropp, rørsle, mat og helse

Vanar og handlingsmønster tek form alt frå tidleg alder av. Gode vanar som ein tileignar seg i barnehagealder, kan vare livet ut. Barnehagen skal leggje til rette for at alle barn kan oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse (Rammeplanen 2017, s. 49).

Skodje barnehage ligg i omgjevnadar som gir godt grunnlag for og har mange moglegheiter til fysisk aktivitet. Vi har samtidig fokus på eit sunt og variert kosthald som skal ivareta barns behov for riktig ernæring.

Vi tek utgangspunkt i Helsedirektoratet sine anbefalingar for mat og måltid i barnehagen: <https://www.helsedirektoratet.no/tema/mat-og-maltider-i-barnehagen>



### Kunst, kultur, og kreativitet



I Skodje barnehage er vi glade i å skape! Vi legg til rette for at barna skal få utytte seg gjennom ulike formingsaktivitetar gjennom heile året. Vi nyttar også anledningar ved markering av ulike tradisjonar og høgtider til å skape gjennom formgiving.

### Natur, miljø og teknologi

I Skodje barnehage ønsker vi å leggje til rette for at barna kan få eit mangfald av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for leik og læring. Vi skal leggje til rette for at barna skal vere nysgjerrige på naturvitskaplege fenomen, føle tilhørslse til naturen og gjere seg erfaringar med å bruke teknologi og reiskapar.

Vi går ofte på tur i lysløypa som snirklar seg forbi barnehagen og vi tek med oss element (tresortar, blomster, insekt, lauv mm.) som vi finn i naturen tilbake til barnehagen – for å studere elementet nærmare og finne ut meir om det.

Personalet i Skodje barnehage er nysgjerrige og forskande saman med barna og gir barna tid og høve til å stille spørsmål, reflektere og lage eigne forklaringar på problemstillingar og til å delta i samtalar om det dei har erfart og opplevd. Det er viktig å stille spørsmål som «kvifor er blada grønne?» og «kvifor er himmelen blå?»



### Mengde, rom og form

I Skodje barnehage ønsker vi å stimulere barna til undring, nysgjerrigheit og gi dei motivasjon for problemløysing. Vi skal legge til rette for leikande og undersøkjande arbeid med samanlikning, sortering, plassering, orientering, visualisere, former, mønster, tal, teljing og måling. Det handlar òg om å stille spørsmål, resonnerer, argumentere og søkje løysingar.

Vi tel alt vi ser – vi tel kongler, steinar, trea i skogen og kvarandre. Kor mange og kven manglar i dag?



## Etikk, religion og filosofi


Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis vi oppfattar verda og menneska, og pregar verdiar, normer og haldningar.

Fagområdet ser særleg på barnehagen sitt samfunnsmandat og verdigrunnlag i eit samfunn som er prega av livssynsmangfald (Rammeplanen, 2017, s. 54). Vi jobbar for barnets beste og legg vekt på å trekke fram godheita i mennesket. I alt vi gjer skal vi trekkje fram styrkane til kva enkelt og det

positive. Vi skal lære barna forskjellen på rett og galt og vi vil stimulere nysgjerrigheita rundt mangfaldet i samfunnet vårt. Vi skal legge til rette for at barna får kjennskap til grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon og at dei blir kjende med religionar og livssyn som er representerte i barnehagen.

I Skodje barnehage skal vi gi barna kjennskap til og markere merkedagar, høgtider og tradisjonar i den kristne kulturarven og andre religionar og livssyn som er representerte i barnehagen. I den forbindelse er det viktig for oss med eit godt foreldresamarbeid. Vi ser på foreldre og heimen som ressurs inn i dette arbeidet. Skodje barnehage har utarbeida ein eigen plan for høgtidsmarkeringar i barnehagen.

Gjennom dette arbeidet ønsker vi å oppnå at barna utviklar interesse og respekt for kvarandre og forstår verdien av likskapar og ulikskapar i eit fellesskap.



## Nærmiljø og samfunn

Barnas medverknad i kvardagslivet i barnehagen legg grunnlaget for vidare innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda (Rammeplanen, 2017, s. 55).

Skodje barnehage ligg «midt i smørøyet» med institusjonar som Skodje Omsorgssenter, Prestemarka bu- og dagtilbod, brannstasjonen, bibliotek, skule og SFO i nærleik. Vi går ofte på tur til eller har ulike typar samarbeid med desse institusjonane.

Dette gjer vi for å skape tilhørslse og hjelpe barna med å orientere seg og ferdast trygt.





## Årshjul barnehageåret 2024-2025

Ved planleggingsdagar held barnehagen stengt. Desse dagane nyttast til felles kursing og planlegging for dei tilsette i barnehagen.

### August

- 1. Barnehageåret startar
- 16. Planleggingsdag

### September

- 11. Foreldremøte
- Veke 38 Brannvernuke

### Oktober

- Uke 41 Haustferie for skulane
- 24. FN dagen
- Veke 43 Miljøvernuke byttedagar
- 29. Planleggingsdag

### November

### Desember

- 5. Nissefest
- 13. Lucia-markering

### Januar

- 2. Planleggingsdag

### Februar

- 6. Samenes nasjonaldag
- Veke 8 Vinterferie for skulane
- 28. Karneval

### Mars

- 11. Barnehagedagen
- 13. Planleggingsdag
- 21. Rockesokk
- 25. Vaffeldagen
- 31. Id al fitr

### April

- 10. Påskefrukost
- Uke 16 Påskeuka
- 16. Barnehagen stenger kl 1200

### Mai


- Veke 21 Miljøvernuke byttedagar
- 30. Planleggingsdag

### Juni

- 12. Sommarfest

### Juli

- Feriestengt. Veker er ikkje avklart enda på grunna nye vedtekter i Ålesund kommune



## Kjelder

Rammeplan for barnehagen: <https://bit.ly/2RloJJp>

Lov om barnehager: [Lov om barnehager \(barnehageloven\) - Lovdata](#)

Stortingsmelding nr 6: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-6-20192020/id2677025/>

FNs bærekraftsmål: <https://www.fn.no/Om-FN/FNs-baerekraftsmaal>

Barnekonvensjonen: <https://www.fn.no/Om-FN/Avtaler/Menneskerettigheter/Barnekonvensjonen>

